Bygdekinoen

VALLE KULTURSENTER 13.1.11

Kl 18:00, Legenden om Narnia - reisen til det ytterste hav (3D) (Aldersgrense 11 år)

La skipet Morgenrødmens vind ta deg med til magiske Narnia! Edmund og Lucy Pevensie, samt deira fetter Eustace blir via eit måleri transportert tilbake til Narnia og det fantastiske skipet "Morgenrødmens Vind".

Kl 20:00, Tomme tønner 2 - det brune gullet

Etter ein noko ufrivillig ”ferie” i eit av hovudstadens meir trekkfulle etablissiment har Ali fått nok, og har ein plan som ikkje kan slå feil, han skal bli lovlydig. Som ei rekkje av slekta sine menn, skal også Ali starte kebabsjappe og bli rik på svoltne, fulle nordmenn. Han skal bli rik på det brune gullet. Men det skal sjølvsagt ikkje gå som planlagt. Det er ikkje berre å lure ein dansk narkobaron for fridomen……..

VALLE KULTURSENTER 27.1.11

Kl 18:00, Megahjerne (3D) (Aldersgrense alle)

No kjem fortellinga om den geniale superskurken Megahjerne som gir oss eit nytt syn på den urgamle kampen mellom det gode og det onde. Møt skurken som er så dårleg til å vere slem at han kanskje er super til å vere snill.

Merk at alle bygdekinoen sine framsyningar no går føre seg i Valle kultursenter Storstoga!

Nytt frå Bygdekinoen:
Registrer deg med mobilnummer og få filmprogrammet frå Bygdekinoen på SMS! Bygdekinoen sender deg programmet tre dagar før framsyninga eller når du bed om det!
Tenesta kostar kr 1 per sms du mottek med filmprogram.

Kulturkalenderen

Henta frå ”Kva skjer” på
www.valle.kommune.no

FØLG DESSUTAN MED PÅ FACEBOOK ”KULTUR I VALLE”!

Laur 8.1.	Basar i Valle Meinigheitshus kl 1300 - 1700.
Tysd. 11.1.	Planutvalsmøte
Ons 12.1.	Formannskapsmøte
Tors 12.1.	Telenorcup VIL.renn 1. Brokke alpinsenter
Tors 13.1.	Bygdekino. Valle kultursenter kl 1800: Legenden om Narnia, kl 2000: Tomme tønner
Ons 19.1.	Telenorcup VIL renn 2. Brokke alpinsenter
Ons 26.1.	Telenorcup VILrenn 3, Brokke alpinsenter
Ons 26.1.	Kommunestyremøte kl 1800. Følg det på Valle radio!
Fre-laur 21.-23.1.	Kurs i folkemusikk og folkedans for instruktørar i Bykle
Tors 27.1.	Bygdekino. Valle kultursenter kl 1800: Megahjerne
Laur 29.1.	Country & westernaftan på Sølvgarden hotell. Konsert med Arne Benoni, ”Countrymusikkens historie”.

Frist for innsending til Bygdenytt er den 25. i kvar månad!

Send inn din annonse til post@valle.kommune.no.

Bygdenytt blir distribuert den 1. kvar månad.
Vi oppmodar alle arrangørar
- lag, organisasjonar, klubbar, barnehagane, skulane, FAU og andre -
om å melde inn arrangement og aktivitetar til kalenderen ”Kva skjer?” som ligg på heimesida til Valle kommune!

Bygdenytt

Eit informasjonsblad frå Valle kommune
Januar 2011 - 22. årgang

Brokke Alpinsenter er ope

03.01.11-06.02.11: 10.00-16.00 Berre helgar
07.02.11-13.02.11: 10.00-16.30 Berre helgar
14.02.11-13.03.11: 10.00-16.30 Kvar dag, vinterferie
14.03.11-15.04.11: 10.00-16.30 Berre helgar
16.04.11-25.04.11: 10.00-16.30 Kvar dag, påskeferie
30.04.11-01.05.11: 10.00-16.30 Sesongfinale!
Kveldskjøring kvar onsdag og fredag 17.30-20.30 t.o.m veke 9.

Aktivitetskalender for Brokke alpinsenter vår 2011

12.1.2011: Telenorcup VIL renn 1
19.1.2011: Telenorcup VIL renn 2
26.01.2011: Telenorcup VIL renn 3
12.02.2011: Solfest
12.02.2011: Afterski med trubadur
05.03.2011: Vinterferiens storslalomsrenn
19.03.2011: Brokke Big Jump Session 2011
21.04.2011: Afterski i Nistebui
22.04.2011: Det store påskerennet 2011
23.04.2011: Barnas dag i barneområdet
23.04.2011: Afterski i teltet med band, sesongfinale

UKM 2011 Valle & Bykle

Meld deg på
Ungdommens kulturmønstring for Valle og Bykle!

I år som i fjor går all påmelding føre seg elektronisk, via www.ukm.no.
Som deltakar må du anten sjølv eller med hjelp frå kulturskulelæraren din gå inn på nettsida og melde deg på .

UKM går av stabelen på Hovden grendehus laurdag 12. febr,
og **påmeldingsfristen er 16. januar**.

UKM er for deg i alderen 13-20 år som driv på med musikk, kunst, dans, teater eller film.
Eller kanskje du har lyst til å vere konferansier?
Kontaktpersonar: Merete Mikkelsen i Bykle og Torunn Charlotte Lund i Valle.

Sølvgarden på Rysstad laurdag 29. januar

En vandring i country-musikkens historie med Arne Benoni

1900- 2200: Westernbuffet - heimelaga burger, spareribs, grilla mais og mykje snadder!

2200-2330: Konsert med Arne Benoni - bli med denne suverene formidlaren på ei unik musikalsk reise!

Etterpå: "Saloondance"!

Vi oppmodar alle til å kle seg i country & western-stil! Premie til beste kostyme!

Billettar: Buffet kr 250, konsert kr 200, ”full pakke” kr 400. Førehandssal av billettar på Sølvgarden - løp og kjøp, her kan det bli rift om plassane! Tlf 379 36 130.

Meir info på facebook Kultur i Valle og Sølvgarden hotell og feriesenter!

VALLE KOMMUNE
Gjestfri for nye tankar

Informasjon frå skatteoppkrevjaren i Valle

Frå 1. Januar 2011 er skatteoppkrevjar-funksjonen tilbake i Valle kommune
etter å ha vore utøva av Skatteoppkrevjaren i Evje og Hornnes i perioden 1/3 - 31/12 2010.
Me takkar Evje og Hornnes kommune for godt samarbeid.

Skatteoppkrevjar i Valle er John Terje Melhus.
Han er å treffe på kontoret i Valle kommunehus måndag, tysdag og onsdag - i oddetalsveker måndag og tysdag. Tlf 37937536.
E-post john-terje.melhus@valle.kommune.no

KULTURPRISEN 2011

Har du framlegg til kven som bør få Valle kommune sin Kulturpris 2011?

Kulturprisen skal stimulere kulturlivet i kommunen og gi honnør for ein spesiell innsats innanføre kulturfeltet.

Prisen kan delast ut til enkeltpersonar eller lag og organisasjonar som har tilknyting til Valle kommune. Dersom to eller fleire kandidatar vert funne likeverdige kan prisen delast.
Veit du om ein eller fleire som fortener pris for innsatsen? Valle kommune oppmodar til å sende inn kreative og godt grunngjeve forslag!

Frist for innsending er ikkje avklart enno, men blir truleg 15. mars. Saka vert handsama politisk.

Forslag skal sendast skriftleg til
Valle kommune v/ kulturrådgjevar, 4747 Valle, eller som e-brev til
torunn.charlotte.lund@valle.kommune.no .

KULTURMIDLAR 2011

Alle lag og organisasjonar som driv med kulturaktivitetar kan søkje om kulturmidlar.
Søknadsskjema og reglar for tildeling finn du på www.valle.kommune.no,
og søknadsfrist er **15. mars.**

MØTE I KVINNEGRUPPA

Kvinnegruppa, Kvinner i Nettverk i Valle og Hylestad, har fyrste samling i 2011
på Nomeland Bedehus
onsdag 5.januar kl.19.30.
Alle kvinner er velkomne.

INNSAMLING AV SKO OG KLÆR TIL UKRAINA

Dersom du har sko og klær du ikkje bruker , kan du kontakte Astrid Nomeland tlf. 91148355.
Det er fint om du kan betale kr.50 pr. sekk i frakt.
Gå inn på www.openheart.no og les om organisasjonen til Hallvard Hasseløy.

PS: Lag ikkje for tunge sekker. Hugs at dei skal fraktast i bilar og lessast om fleire gonger!

INFORMASJON OM ENDRINGAR I FRIKORTORDNINGA FOR EIGENDELSTAK 1 I 2011

Den 1. juni 2010 blei det innført ei ny automatisk frikortordning for eigendelstak 1. **Frå 2011 blir alle eigendelar registrerte automatisk, også eigendel frå pasientreiser med rekvisisjon**. Kvitteringskort for eigendelar skal difor ikke lenger nyttast.

Den nye frikortordninga sikrar at alle med rett til frikort får oppfylt rettane sine på ein enklare måte enn før. Ein mottek frikortet automatisk i posten innan tre veker etter ein har betalt min. kr 1.880.- i eigendelar. Overskytande beløp blir automatisk tilbakebetalt.

Nytt i ordninga frå 2011:
Frå 2011 treng ein ikkje sjølv å sende inn eigendelar frå pasientreiser med rekvisisjon, sidan desse blir registrerte automatisk.
På grunn av at alle eigendelane blir registrerte automatisk, skal ikkje Kvitteringskort for eigendelar nyttast frå 2011.

Ved spørsmål om frikort og eigendelar, sjå www.helfo.no/frikort eller ring Frikorttelefonen på nummer 815 70 050.

Ved spørsmål om pasientreiser, sjå www.pasientreiser.no eller ring Pasientreiser 05515.

KURS

I FOLKEDANS OG FOLKEMUSIKK

Helga 21.-23. januar 2011
inviterer Setesdalfolk,
Folkemusikkprosjektet i Setesdal,
til kurs i Bykle

Stad: Bykle hotell og Bykle samfunnshus.
Kursa er spesielt laga for utøvarar, lærarar, kulturskulelærarar og andre som driv med formidling eller ønskjer å lære å formidle folkedans og folkemusikk.
Kursa er rett og slett for deg som har lyst til å lære korleis du skal lære frå deg - og vi oppmoder også foreldre med barn som dansar og unge dansarar til å melde seg på.

Kurshaldarane er høgt kvalifiserte, og dette er ein ypparleg sjanse til tileigne seg nye læremetodar. Vi vil og skipe til konsert med dans på laurdagskvelden.

- **Kurs for instruktørar i dans**
  Enkle opplæringsmetodar.
  Grupper: Instr. 12-15 år og over 15 år.
  v/Kari Margrethe Okstad
- **for instruktørar i dans**
  Enkle opplæringsmetodar. Frå 12 år.
  v/Kari Margrethe Okstad
- **Kurs i dans for barn, 2. – 4. klasse**
  v/Maj Brit Slapgaard Larsen
- **Kurs i kveding**
  v/Kirsten B. Berg/Kim André Rysstad
- **Gangarkurs**
  v/Kari Margrete Okstad m/fleire
- **Munnharpekurs**
  v/Sigurd Brokke og John T. Melhus
- **Metodikkinstruksjon for lærarar i hardingfele**
  v/Geir Egil Larsen

Kursavgift: kr 500,- per person
Ved fleire frå same lag/foreining/bedrift kostar det kr 350 per person. For dei som har behov overnatting, tilbyr Bykle hotell ein svært god pris: Overnatting med halvpensjon (dvs.frokost, niste og 2-retters middag) for kr. 1600,-/pers i to netter. Enkeltromstillegg er 150,-/døgn. I tillegg kan ein få festmiddag (3-retter eller buffet) til en av kveldene for eot tillegg på kr. 50,-/pers.

For meir informasjon kontakt
leiar for folkemusikkrpsjektet i Setesdal
trond.mikkelsen@valle.kommune.no
telefon 945 04 433.

SETESDAL FOLK

Det skjer

VALLE KYRKJE
Laurdag 1. januar kl. 18.00. Gudsteneste med vik. spr. Terje Seilskjær.

HYLESTAD KYRKJE
Sundag 9. januar kl. 18.00. Kveldsmesse med vik. spr. Terje Seilskjær.

VALLE KYRKJE
Onsdag 12. januar kl.17.00. Øving med Familiekoret.

VALLE KYRKJE
Sundag 16. januar kl. 11.00. Høgmesse med vik. spr. Terje Seilskjær.

VALLE KYRKJE
Onsdag 26. januar kl. 17.00. Øving med Familiekoret.

PRESTEGJELDSAKSJONEN
VALLE KYRKJE
Fredag 28. januar kl. 19.30. Møte med Theis Salvesen.
Laurdag 29. januar kl. 19.30. Konsert med Guttane.
Sundag 30. januar kl. 11.00.
Prestegjeldsgudsteneste med vik. spr. Terje Seilskjær.

Kyrkjekontoret. Kommunehuset, 4747 Valle. Tif. 37 93 75 24 / 977 84 706
e-post: kyrkja@valle.kommune.no

gjennom livet

DEN NORSKE KYRKJA
Valle og Hylestad soknerråd

BASAR

Det vert basar i Valle Meinigheitshus
laurdag 8/1-11 kl 13.00 - 17.00.
Sal av suppe, eplekake, kaffi, vaflar og kake.
Andakt ved vikarprest Terje Seilskjær kl 16.00.
Årsmøte like etterpå.

Me er takksame for gåver.
Arr. Styret i Meinigheitshuset